

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande tilleggsforslag:

«På bakgrunn av informasjonen fylkeseldrerådet har om dagens budsjett i dei to fylka legg fylkeseldrerådet til grunn at det vil vere behov for eit budsjett på 700.000 i 2020. Falao Sparre vil rådføre seg med leiar for eldrerådet i Sogn og Fjordane før AU utarbeidar skriv til økonomi- og organisasjonsavdelinga.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Falao Sparre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Arbeidsutvalet får fullmakt til å utforme eit skriv, basert på innspela i rådsmøtet, til økonomi- og organisasjonsavdelinga, der ein gjer greie for kva behov fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune vil ha for midlar i 2020.

På bakgrunn av informasjonen fylkeseldrerådet har om dagens budsjett i dei to fylka legg fylkeseldrerådet til grunn at det vil vere behov for eit budsjett på 700.000 i 2020. Falao Sparre vil rådføre seg med leiar for eldrerådet i Sogn og Fjordane før AU utarbeidar skriv til økonomi- og organisasjonsavdelinga.